

Felles grunn? Rom for kultur

Kulturkonferansen Vestland 18. november

Kl. 10.00 – 16.30 på Scandic Sunnfjord hotell, Førde. Registrering og kaffi frå kl. 09.00.



Korleis skaper vi rom for kultur?

Har vi rom for deltaking, mangfald og fellesskap?

Har vi rom for leik og rom for alvor?

Har vi rom for kunst og refleksjon? Rom for glede? Rom for utfolding?

Har vi rom for å ytre oss? Rom for å vere ulike?

Har vi rom for alle?

Har vi felles grunn?

Velkomen til kulturkonferansen Vestland 2021. Vi skal tematisere, gje ulike vinklar og snakke saman om det som skal vere dei felles romma våre – romma for kultur.

Korleis kan vi skape opne, offentlege rom – både fysisk og mentalt? Korleis bygge og legge til rette for stader som gir gode rom til å oppleve, delta, dele, yte og nyte? Kva type arenaer bidreg til mangfald og vert opplevd som relevante for alle innbyggjarane?

Jens Kihl skal lose oss gjennom dagen med innlegg og samtalar om tema som grip inn i arbeidet vårt og i heile kultur- og idrettsfeltet.

Onsdag 17. november er det sosialt og kulturelt program frå kl. 20.00 for dei som ønskjer å delta på dette. Det vert konsert, mingling og mat på Larris scene på Sunnfjord hotel. Det er eiga påmelding for dette i påmeldingsskjemaet.

[Meld deg på via skjema på nett.](#)

«Det store fellesrommet» - Møteplassar og lokalsamfunn

By- og sentrumsplanlegging. Arkitektur som inviterer og inkluderer. Kunst som utviklar bygd og by.

Innlegg frå Tone Einelia og Petra Rahm om kunst, demokrati og stadsutvikling og frå Distriktssenteret om kultur som utviklar av lokalsamfunna. Dominique Hauderowicz skal dele erfaringar og perspektiv frå Danmark om inkluderande offentlege rom.

«Romma vi bygger»

Kunsten, kulturlivet og samfunnet forandrar seg – følger bygg, anlegg og felles uterom med? Kva rom treng vi?

Marianne Ween vil innleie om Kulturalliansen si kartlegging av kulturbygg og utvikling av spelemidlar til kultur. Kai Roger Vatne, generalsekretær i Noregs Ungdomslag og Christoffer Knagenhjelm, rådgjevar for kulturhus, vil snakke om "Huset i bygda" som skal løfte dei organisasjonseigde kulturbygga. Nina Hodneland, dagleg leiar i Norske kulturhus, vil fortelje om stoda i dei større kulturhusa. Ola Mattsson frå Lokale og Anlægsfonden i Danmark vil utfordre og dele erfaringar rundt arenaer for kultur, idrett og fysisk aktivitet.

Samtale

Vi har invitert nokre av dei føregåande innleiarane til å snakke saman om:

Korleis planlegge for lokalsamfunn med menneske i sentrum? Kunsten, kulturlivet og samfunnet forandrar seg – følgjer bygg, anlegg og felles uterom med på dette? Kva rom treng vi? Kva er eit vellukka kulturbygg eller idrettsarena? Kva treng kunstnarar for å produsere og formidle kunst?

Lunsj

«Rom for alle?» - Møteplassar og inkludering

Har vi rom for alle? Korleis jobbar vi for å få ned hinder for deltaking? Kven legg premissane?

Sara Stokken Rott, leiar i ungdomsutvalet i Vestland idrettskrets og styremedlem i Norges Idrettsforbund kjem for å snakke om ung medbestemming. Marco Elsafadi, tidlegare toppidrettsutøvar og styremedlem i Norges Idrettsforbund, deltar med eit innlegg om inkludering, ekskludering, mobbing og utanforskap. Vi blir også kjent med Bergen kommune sin nye plan for deltaking og mangfald i kunst- og kulturfeltet.

«Nye rom etter pandemien?»

Har korona-pandemien forandra kunsten og kulturen? Har kulturlivet, publikum og deltakarane andre behov no?

Kristin Danielsen, direktør i Kulturrådet, vil presentere Kulturrådet sitt arbeid med å kartlegge og vurdere korleis kultursektoren kan byggast opp igjen etter korona-pandemien.

«Det digitale og mentale rommet» – Arena for demokrati og mangfald eller ekkokammer?

Er det rom for alle stemmer? Korleis speler det digitale rommet inn i kulturen og demokratiet? Korleis står det til med ytringsfridomen i kunst-, kultur og idrettslivet? Kan kunsten forandre det digitale rommet?

Knut Skansen, direktør for Deichmanske bibliotek i Oslo, kjem for å snakke om biblioteket sin utvida funksjon som kulturarena og ytringsfridomen i biblioteka. Anki Gerhardsen er journalist, medlem av Ytringsfridomskommisjonen og har eit stort engasjement for mediekritikk, kulturjournalistikk og ytringsfridom. Ho vil snakke om korleis det står det til med ytringsfridomen – er det rom for ulike meiningar i kunsten og kulturlivet?

Samtale

Vi vil samle deltakarar frå dei to siste temabolkane til ein samtale, saman med Øyvind Strømmen, som er aktuell med bok om korleis digitale rom kan skape polarisering og konspirasjonsteoriar

Framtidas kulturpolitikk for Vestland

Per Morten Ekerhovd, avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune, avsluttar konferansen og inviterer til å bidra i utarbeidinga av ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland.

Med helsing,

avdeling for kultur, idrett og inkludering



www.vestlandfylke.no/kulturkonferansen